

Til naboar, gjenbuarar,
rettshavarar og offentleg mynde

OSE AS
Vikeøyrane 7, 6150 Ørsta
Tlf 70 04 52 20
firmapost@oseing.no

Vår ref.: P1875 Ålesund 14.12.2023

oseing.no

Detaljplan for rorbu Kursetstranda – varsel om oppstart av planarbeid

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-1, 12-3 og 12-8 blir det med dette varsla om igangsetjing av privat detaljregulering for del av eigedomene gbnr. 54/66 mfl. i Sykkylven kommune.

Grunneigarar innanfor planområdet er forslagsstillar og OSE AS er plankonsulent for planarbeidet.

Lokalisering

Planområdet ligg i Hundeidvika, mellom sjøen og Kursetstranda, nord for ferjekaia.

Mål med planarbeidet

Målsetjing med planen er å leggje til rette for:

- Rorbu og naust med nødvendige funksjonar
- Tilkomst til offentleg veg
- Sikring/avklaring av automatisk freda kulturminne
- Sikre avkøyrsløse til kommunal veg

Planområdet

Planområdet består av eigedomane gbnr. 54/2, 16, 58, 59, 60, 61, 62, 63, 64, 66, 68, 81, 89, 110, 126, 127, 128, 129 og er på om lag 9,1 daa. Avgrensinga av planområdet kan bli endra for planen blir lagt ut til offentleg ettersyn.

Planstatus

Overordna plan

Planområdet har formål naust og NFFF (natur, fiske, friluftsliv og ferdsel) i kommuneplan sin arealdel for Sykkylven, og bandlagt areal for automatisk freda kulturminne. Sør for planområdet er det sett av formål til næring.

Det er under utarbeiding ny kommuneplan, den har vore ute til offentleg ettersyn, der planområdet hadde framlegg til ny arealbruk; rorbu. Det er ikkje kome motsegn til endra arealbruk, det blir difor starta regulering for rorbu og naust parallelt med kommunen sitt arbeid med kommuneplanen.

Regulering

Planområdet er ikkje regulert. Det er ikkje pågåande regulering ved planområdet som vil få konsekvensar for dette planarbeidet.

Dispensasjon/vedtak

Det er ikkje gjeve dispensasjon eller vedtak som legg føringar for regulering av planområdet.

Konsekvensutgreiing

Etter § 6b skal reguleringsplanar alltid KU-vurderast etter tiltak i vedlegg I.

Arealbruken er avklart i overordna plan og ønska bruk av området er delvis i samsvar med kommuneplanen sin arealdel for Sykkylven. Pågåande rullering av kommuneplanen legg opp til endring av arealformålet innanfor planområdet, det blir opna for rorbu. Sidan det ikkje er kome motsegn eller andre negative merknadar til endra arealbruk, vert det lagt opp til parallell regulering med ferdigstilling av arealdelen.

Sidan det vert lagt opp til arealbruk i samsvar med framlegg til ny kommuneplan, vert det vurdert at det ikkje er krav om KU etter § 6 i forskrifta.

Etter § 8 skal planar KU-utgreiast dersom dei får vesentleg verknad for miljø og samfunn og tiltak i vedlegg II. Vurdering etter § 10 i forskrifta:

Eigenskapar for planen/tiltaket:

a) Storleik, planområde og utforming

Planområdet femnar om areal som har vore nytta til sjøbruk, naust og vorar. Planområdet er avgrensa av arealbruken i overordna plan. Arealet er på om lag 9,1 daa.

b) Bruk av naturressursar, særlege areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar.

Det vert ikkje lagt opp til bruk av naturressursar, planområdet er delvis bygd ut, lite av naturmark eller anna å ta vare på.

c) Avfallsproduksjon og utslepp

Det blir ikkje lagt opp til avfallsproduksjon eller utslepp.

d) Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar

Det blir ikkje auka risiko for alvorlege ulykker/katastrofar.

Lokalisering og påverknad som planen kan kome i konflikt med:

a. Planen vil ikkje medføre tiltak i verneområde, utvalde naturtypar, prioriterte artar, verna vassdrag eller kulturmiljø.

b. Planen vil ikkje medføre tiltak som vil skade truga artar eller naturtypar, verdifulle landskap, viktige mineralressursar eller friluftsliv. Det ligg ei gravrøys delvis innanfor planområdet, den skal i planen sikrast med omsynssone og arealbruk.

c. Planen/tiltak kjem ikkje i konflikt med statlege planretningslinje, tiltak i strandsona. Det er i overordna arealplan lagt opp til utbygging innanfor planområdet.

d. Det vert ikkje lagt opp til omdisponering av LNF-formål som er dyrka eller dyrkbart. Planen vil ikkje få negative konsekvensar for landbruksdrift.

- e. Det blir ikkje lagt opp til særleg auka miljøbelastning.
- f. Planen vil gje små negative konsekvensar for befolkninga si helse.
- g. Planen vil ikkje gje vesentleg forureining eller klimagassutslepp.
- h. Risiko for alvorlege ulykker som følgje av naturfarar er liten. Må avklare grunnforhold i området og sekundærverknad av fjellskred - tsunami.

Planlagde tiltak vert vurdert til å ikkje medføre vesentleg verknad for verken miljø eller samfunn, jamfør § 10 i KU-forskrifta.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering blir det vurdert at planarbeidet for detaljplan Kursetstranda rorbu gbnr 54/66 mfl. ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing eller planprogram.

Oppstartsmøte med kommunen

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 13.11.2023, med følgjande hovudpunkt:

- Naturfare
- Veg, areal til fortau
- Avløp
- Kommuneplanen sin arealdel
- Rorbu/naust

Informasjon og medverknad

Det vil bli sendt varsel om oppstart til naboar og gjenbuarar, kunngjering i lokal avis og på nettet, i samsvar med pbl. § 12-8. For nærare informasjon ta kontakt med OSE, mob. 974 89 987 eller e-post plan@oseing.no. Reguleringsarbeidet blir vurdert til å gje små negative ulemper for naboar. Det blir difor ikkje lagt opp til medverknadsmøte i samband med oppstart av planarbeid. Det vil bli vurdert medverknadsmøte i samband med offentleg ettersyn.

Meir informasjon

Møtereferat frå oppstartsmøtet 13.11.2023, varslingsbrev, planinitiativ og forskjellige kart blir lagt ut på Sykkylven kommune sine heimesider og på OSE sine heimesider under [kunngjeringar](#).

Merknadar til oppstartsmeldinga

Merknadar som har verknad eller interesse for planarbeidet kan sendast:

OSE AS på e-post plan@oseing.no eller OSE AS
Vikeøyrane 7,
6150 Ørsta


Frist for merknadar vert sett til **20.01.2024**. Merk fråsegn med P1875.

Alle mottekne dokument og merknadar blir sendt kommunen saman med planframlegget.

Vidare sakshandsaming

Etter at meldingsfrista er ute vil plandokumenta bli utarbeidd for deretter å bli sendt kommunen for sakshandsaming. Etter handsaming i kommunen blir plandokumenta lagt ut til offentlig ettersyn. Det vil då bli høve til å kome med merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming og vedtak.

Med helsing



Bjarte F Friisvold
Arealplanleggar
Mob 974 89 987
bjarte@oseing.no

Vedlegg:

Detaljplan for rorbu Kursetstranda – plangrense - gråtone_11.12.2023
Detaljplan for rorbu Kursetstranda - plangrense - flyfoto_11.12.2023
Detaljplan for rorbu Kursetstranda - plangrense - kommuneplan_11.12.2023
Detaljplan for rorbu Kursetstranda – plangrense - reguleringsplan_11.12.2023

Vedlegg også sendt elektronisk:

Referat frå oppstartsmøte 13.11.2023
Oversiktskart

Brev sendt elektronisk til:

Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
NVE
Mattilsynet
Fiskeridirektoratet
Kystverket
Straumen nett AS
Sykkylven energi AS
ÅRIM
Sykkylven kommune

Brev:

Fishtech Hygena AS
Per Asbjørn Utgård
Marianne Brakstad
Tor Fjelde
Ann Karin Aurvåg
Svein Christian Sørum

Kursetstranda 40
Kursetstranda 39
Fjeldeveien 51
Fjeldeveien 51
Ekebergåsen 61
Ekebergåsen 61

6224 Hundeidvik
6224 Hundeidvik
9334 Øverbygd
9334 Øverbygd
1900 Fetsund
1900 Fetsund

Tommy Lade	Kursetstranda 45	6224 Hundeidvik
Anita Karin Urkedal	Kursetstranda 45	6224 Hundeidvik
Edwin Bjarne Solsvik Rotnes	Kursetstranda 55	6224 Hundeidvik
Morten Rotnes	Einane 7	6220 Straumgjerde
HB Eigedom AS	Aursnesvegen 17	6230 Sykkylven
Milagros Bagol Utgård	Kursetvegen 10	6224 Hundeidvik
Harald Utgård	Kursetvegen 10	6224 Hundeidvik
Jan Aurvåg	Sørestrandvegen 228	6220 Straumgjerde
Arild Fure	Reitane 2	6220 Straumgjerde
Svein Egil Eliassen	Jarnesvegen 19	6222 Ikornnes
Ole Andreas Utgård	Kursetstranda 2	6224 Hundeidvik
Kjell Arne Utgård	Gjerdevegen 8	6060 Hareid